

Brazzooka og Dance with a Stranger – ein god kombinasjon!

22.08.2010



Ein god kombinasjon!

**Brazzooka gleder stadig nye publikummarar med gladmusikken sin.**

**Lørdag hadde dei ein travel dag under FitjarFestivalen, og responsen og tilbakemeldingane er også denne gongen svært gode.**

I løpet av festivaldagen hadde bandet tre oppredenar.

Det starta med konsert i samband med opninga om føremiddagen. I halv sekstida spela dei for eit firma på båttur då dei kom inn til Fitjar, og så avslutta dei med ei halvtimes konsertavdeling under hovudkonserten om kvelden. Då var dei oppvamingsband for det legendariske rockebandenet Dance with a Stranger. Det var ein særskilt god kombinasjon. Dei unge musikarane var eit svært begeistra publikum for dei erfarte rockarane, og den dugande og velkjende gitaristen i bandet, Frode Alnes, viste at han sette stor pris på ungdommane med stadige Brazzooka-rop frå scenen.

Begge banda har flott utstråling på scenen. Likevel er nok det erfarte rockebandenet gode lærarmeistrar for ungdommane. På hovudkonserten deltok og Idol- og Grand Prix-kjendis Bjørn Johan Muri og trubaduren Jo-Jo.

Brazzooka kom svært godt frå alle sine tre oppredenar under FitjarFestivalen.

Innimellan spelinga tok musikarane seg tid til å sjå musikklinja ved Stord vidaregåande skule sisvært gode teaterførestelling av Emil i Lønneberga. Brazzooka-trompetist Elisabeth N. Fylkesnes hadde ei svært aktiv rolle både i orkester og som skodespelar i den imponerande framføringa.

I det som var att av ledige stunder kosa Brazzooka-gjengen med det som var av tilbud under FitjarFestivalen. Festivalen som varer frå torsdag til søndag, vart arrangert for første gang i år.

Neste opptreden for Brazzooka er i Sauda i midten av september.

Av Thor Inge Døssland



Brazzooka under hovudkonserten